

Saksnr: 2019/10-4
Saksbehandlar: Sigrid Aardal

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesting		15.10.2019

Val av valnemnd. Valbolken 2019 - 2023.**Forslag til vedtak**

1. Som medlemmer og varamedlemmer til valnemnda vert valde:

Medlemmer:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.
- 6.
- 7.
- 8.
- 9.
- 10.
- 11.
- 12.
- 13.

Varamedlemmer:

- 1.
- 2.
- 3.
-
- 1.
- 2.
-
- 1.
- 2.
-

2. Som leiar vert vald:

Som nestleiar vert vald:

Samandrag

Det nyvalde fylkestinget bør i sitt konstituerande møte velja ei valnemnd for valperioden 2019-2023. Valnemnda gjer innstilling i saker om val der avgjerda om valet ligg til fylkestinget. I følgje innstilling frå fellesnemnda som gjeld reglementet for valnemnda, bør valnemnda ha 13 medlemmer med varamedlemmer.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Bertil Sjøfteland
leder fylkessekretariatet

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven signatur.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Når det gjeld samansetjing av dei ulike folkevalde organa vert desse fyrst vedteke av fylkestinget 15.oktober. I denne saka er det innstillinga frå fellesnemnda som er lagt til grunn når talet på medlemmer i dei ulike utvala er sett opp. Dersom det ved behandlinga av sak om «Reglement for folkevalde organ» vert gjort vedtak som avvik frå fellesnemnda si innstilling må dette takst omsyn til når val vert gjort.

I reglement for valnemnda heiter det om samansetjing:

1. Samansetjing

Fylkestinget vel i det konstituerande møtet, ei valnemnd for heile valbolken. Valnemnda bør ha 13 medlemmer som reflekterer styrkeforholdet i fylkestinget. Alle partia skal vere representerte i valnemnda.

Medlemer og varamedlemer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar.

For kvart parti/gruppering bør det velgjast 2 fleire varamedlemer enn det som er talet på faste medlemmer.

Kommunelova § 7-4 fastset at val av folkevalde organ går føre seg som forholdsval dersom minst ein medlem av det veljande organet krev det, om så ikkje skjer vert valet gjennomført som avtaleval etter reglane i kommunelova § 7-7 som lyder:

Komml. § 7-7.Avtalevalg*

«Kommunestyret eller fylkestinget kan selv enstemmig vedta at valg til folkevalgte organer skal foregå som avtalevalg etter denne paragrafen.

Valget gjennomføres på grunnlag av en innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer. Innstillingen skal inneholde like mange navn som det skal velges medlemmer, og det skal angis hvilket parti eller hvilken gruppe medlemmene representerer. Innstillingen kan også inneholde navn på varamedlemmer for hvert parti eller hver gruppe. Antall varamedlemmer kan være inntil to flere enn de faste medlemmene fra partiet eller gruppen. Innstillingen vedtas enstemmig av kommunestyret eller fylkestinget.

Hvis organet skal bestå av minst fire medlemmer, skal hvert kjønn være representert i organet med minst 40 prosent. Skal organet bestå av tre eller færre medlemmer, skal begge kjønn være representert i organet. Viser det seg at et valg etter andre ledd vil føre til at kravene i første eller andre punktum ikke blir oppfylt, skal det nødvendige antallet kandidater fra det underrepresenterte kjønn settes inn for å oppfylle kravet. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare skal bestå av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg av arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal reglene i dette leddet følges så langt det er mulig.

Når varamedlemmer skal velges, skal framgangsmåten i tredje ledd følges.»

*I kraft fra og med det konstituerende møtet i det enkelte kommunestyret og fylkestinget ved oppstart av valgperioden 2019-2023.

Vedtakskompetanse

Reglement for valnemnda.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ingen direkte verknad

Klima: Ingen direkte verknad

Folkehelse: Ingen direkte verknad

Regional planstrategi: Ingen direkte verknad